



Notat

Til: Line Hervig

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Bente Kopperdal Hervik

Vår referanse: 14/1174 - 6 / Gbnr - 24/70, FA - L42

Dato: 02.05.2014

Emne: Dispensasjonssak - Gbnr 24/70 - Bø - tilbygg - dispensasjon - oversending for uttale

Fritidsbustaden som er søkt påbygd er Sefrak-registrert med Sefrak-nummer 1260 105 012. Sefrakregistreringane viser at huset opprinnleg har stått ein annan stad i nærleiken, men vart flytta til noverande plassering kring år 1900. Noko av tømmeret har også teljemerke. Huset har seinare vore bygd på fleire gonger, taket og vindaug er skifta, eit skot er rive og rominndelinga er endra.

Kulturminneansvarleg vurderer ikkje kulturminneverdien som særskilt høg, det er allereie gjort omfattande endringar og tiltaket som er omsøkt er eit tilbygg som ikkje berører den eldste delen av huset. På bakgrunn av dette har eg ingen merknader til tiltaket.